

KOMMUNESTYREKANDIDATAR



Ola Terje Oleivsgard



Solveig Løkensgard Arnegard



Ivar Magne Brevik



Bjørg Torstiensrud



Anders Lunden Herforss




Kjersti-Elise Haugen Løyte

7. Tore Arnegard
8. Hanne Nordheim
9. Knut Arne Svarteberg
10. Håvard Gåsterud
11. Lisbeth Holo-Lund Vidme
12. Stein-Ove Thon
13. Bodil Haug
14. Knut Jarl Ulshagen Langseth
15. Svein Johnny Hellevik

16. Cecilie Skrindo
17. Ole Edvard Tårneby
18. Bente Haugen Løyte
19. Torgeir Jorde
20. Eilev Hefte
21. Annalug Tveito
22. Lars Vegard S. Myrestølen
23. Liv Langehaug Sundrehagen
24. Per Torbjørn Ruud

25. Kåre Magne Holo
26. May-Rose Aarsnes Brattegard
27. Kriatian Ingvaldsen Hellevik
28. May-Kristin Hanssen
29. Magne Reidar Liahagen
30. Ine Bråten
31. Kjell Ove Herstad



NÆR FOLK

i heile
ÅL

Følg oss på Facebook



NÆR FOLK

i heile
BUSKERUD

Følg oss på Facebook



FYLKESTINGKANDIDATER



Magnus Weggesrud, Øvre Eiker



Anne Kristine (Tine) Norman, Sigdal



Simon S. Nordanger, Drammen



Sigrid O. Sagabråten, Nesbyen



Stian Bakken, Ringerike



Sunni Grøndahl Aamodt, Modum

7. Dag Lislien, Rollag
8. Tanja Vatnås, Drammen
9. Pål Terje Rørby, Hemsedal
10. Camilla Synøve Celius, Lier
11. Lidia Ivanova Myhre, Hole
12. Kari Anne Sand, Kongsberg

13. Knut Skinnnes, Krødsherad
14. Kristin Bakke Haugen, Gol
15. Hans Endre Fossan, Flesberg
16. Ingrid Nikoline Sand, Kongsberg
17. Nina Basberg, Ringerike

18. Steinar Andre Steinarsson, Flå
19. Henrik Otto Mørch, Sigdal
20. Brit-Tove Krekling, Øvre Eiker
21. Espen Lahnstein, Lier
22. Kim Mogen Myhre, Øvre Eiker

Se hele lista på sp.no/buskerud

VÅR POLITIKK

for heile Ål



Heile programmet kan du lese på sp.no/al-torpo



Ål Senterparti vil at heile Ål-samfunnet skal ha nytte av kraftinntektene våre. Difor vil me bruke inntektene til gode kommunale tenester, nedbetaling av kommunal gjeld, framtidretta investeringar, Enøk-tilskot, og rabattordningar til hushald og næringsliv når straumprisane er høge. Me vil sikre og utvikle likeverdige kommunale tilbod i heile kommunen.

Senterpartiet i Ål vil:

- Halde på Ål som sjølvstendig kommune. Interkommunalt samarbeid er ein betre måte enn kommunesamanslåing for å byggje gode lokalsamfunn.
- Sikre og utvikle likeverdige kommunale tilbod som skule, barnehage, symjebasseng og fiber i heile kommunen.
- Sørgje for varierte bualternativ i heile kommunen.
- Auke bruken av startlån til kjøp eller tilpassing av eigen bustad, og støtte fyrstegongsetablerarar med kommunalt tilskot.
- Framleis ta vare på dei unike naturverdiene våre i skog og fjell med jakt og beitebruk og evigvarande moglegheiter for opplevingar, rekreasjon og berekraftig næringsutøving. Me vil difor ikkje opne for nye hyttefelt i perioden.
- Ha nullvisjon for nedbygging av dyrka jord, og halde fram ordninga med tilskot til nydyrking.
- At Hallingdal Sjukestugu skal vere ei fyrlykt for eit avansert og desentralisert helsetilbod.
- At Ål skal vere ein sterk helsekommune og nytte Hallinghelse som ein aktiv medspelar for å utvikle helsearbeidet.
- Halde velferdstenestene under offentlig styring.
- At kommunen bidreg til eit allsidig og berekraftig næringsliv.
- Arbeide for god tilrettelegging og utvikling av næringsområde som i Kleivi, Torpomoen og Torpo Næringspark.
- Ha ein desentralisert skule- og barnehagestruktur der fadelt-pedagogikken får større rom.

- At praktisk tilrettelegging av fag og Ungt entreprenørskap vert styrka.
- At kulturhuset skal vera ein møteplass i lokalsamfunnet til bruk for kulturskule, kino, ungdomsarbeid, bibliotek og større og mindre kulturopplevingar.
- Styrke arbeidet med folkemusikk og tradisjonsdans både lokalt og regionalt
- At kommunen skal vere ein aktiv og betydeleg samarbeidspartnar og bidragsytar til idrett, lag og kulturliv ved arrangement og drift.
- At frivilligsentralen og ungdomsfrivilligsentralen må ha ein sentral posisjon i det frivillige- og kommunale Ål.
- Arbeide for eit fylkessenter for kultur eller naturforvaltning lagt til Ål.
- Samarbeide tett med politiet for å motverke rusproblematikk.
- Styrke helsetilbodet for ungdom og unge vaksne med vekt på psykisk helse.

VÅR POLITIKK

for heile Buskerud



Heile programmet kan du lese på sp.no/buskerud



Senterpartiet vil bygge heile Buskerud. Folk skal kunne bo, jobbe og leve gode liv i både by og bygd. Ungdom trenger praktisk og god opplæring på en videregående skole i nærheten av der de bor, og folk og næringsliv i Buskerud har krav på trygge og gode veier å kjøre på. Høy befolkningsvekst i og rundt byene fører til press på naturen, særlig matjorda. Samtidig har distriktskommunene god plass og trenger flere folk. Derfor vil vi fordele befolkningsveksten i Buskerud bedre. Med Senterpartiet får du folkevalgte som jobber for folk i hele fylket.

Hele Buskerud

- Spre offentlige arbeidsplasser, både statlige og fylkeskommunale.
- Støtte opprettelse av Campus Hallingdal (studiested).
- Sikre et godt og mangfoldig kulturtilbud i hele fylket.
- Sikre en god tannhelsetjeneste med klinikk i hver kommune.
- Være en pådriver for to tog i timen til Kongsberg, Ringeriksbanen/E16 og ny Holmen-bru i Drammen.
- Øke rekrutteringen til yrkesfag og skaffe flere lære-plasser.
- Styrke tilbudet for elever som trenger mer skreddersøm, gjennom blant annet Ung Invest og flere tilbud som skoleprosjektet i Vikersund-bakken.
- Innføre regel om maks 15 elever per klasse på yrkesfaglige studieprogram og 30 elever per klasse på studieforberedende studieprogram.

Utdanning – Flere elever skal fullføre og bestå

- Ha et godt og bredt utdanningstilbud i hele fylket.
- Videreføre nærskoleprinsippet for inntak til videregående skole.

Vei og kollektiv – Binde Buskerud bedre sammen

- Ta igjen vedlikeholdsetterslepet på fylkesveiene med mål om svart asfalt, ti tonn akseltrykk og null telerestriksjoner på alle veier.

- Bygge ny vei til Svelvik og ny avkjøring til Sigdal.
- Sikre mer stabile fjelloverganger på vinterstid og ha vinteråpen vei over Imingfjell.
- Bygge ut mer gang- og sykkelvei og arbeide med enklere standarder slik at vi kan få mer vei for pengene og spare arealer.
- Fullføre arbeidet med sømløse kollektivreiser over fylkesgrensene med buss og tog, og innføre et billig kollektivkort for studenter opp til 30 år.

Natur- og arealbruk – Hele Buskerud i bruk

- Tillate mer spredt boligbygging i distriktene.
- Sikre tilgang til grønne lunger i byer og tettsteder.
- Ha et sterkt vern av matjord
- Sikre bedre levevilkår for villrein, der lokalkunnskap og erfaring vektlegges mer.
- Utvikling og bruk av arealer skal skje på lokalsamfunnets premisser.